

Protokoll styremøte i Valdresmusea AS

2021:1

Tidspunkt: fredag 19. februar klokka 14.00–16.30

Til stades: Jan Arild Berg, Jørand Ødegård Lunde, Arne Erik Fønhus, Odd Arne Klemmetsrud, Aud Søyland (vara for Frode Rolandsgard), Kristin Gulbrandsen og Brita Brenna (Teams). Frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten, Tove Stubbene og Anne Marit Noraker.

Sak 1/2021: Budsjett og arbeidsplan for 2021

Det framlagte budsjettet viser eit forventa årsoverskot på kr. 218 000. Ein legg opp til ein aktivitet som sikrar god forvaltning av samlingane, forskning innfor satsingsområda og formidling på alle avdelingar. Ein har enno ikkje klart *detaljane* for formidling ved dei einskilde avdelingane. Ein ber om å få komme tilbake til styret med ein presentasjon av sommarformidlinga ved eit seinare møte.

Vedtak: Styret vedtek arbeidsplan og budsjett for 2021. Styret ber administrasjonen legge fram ein plan for formidlingsarbeidet ved alle avdelingane på neste styremøte. Styret ber òg om at det framtidige KLP premiefondet, gjeldande frå 3. kvartal 2021, blir ståande som ein buffer til framtidig bruk – dersom dei faktiske pensjonskostnadane blir vesentleg høgare enn KLP sine prognosar. Disposisjon av premiefondet skal skje i dialog med styret.

Sak 2/2021: Orienteringssak – status avdelingsrekneskap 2020

Vedlagt rekneskap som viser kostnader ved dei enkelte avdelingar. Til saman gir avdelingane det oppnådde resultatet. Resultatrekneskapen for dei enkelte avdelingar viser følgjande:

- Bagn Bygdesamling utan personalkostnader: - 193 973
- Bautahaugen Samlinger utan personalkostnader: - 97 246
- Instrumentverkstaden utan personalkostnader: 131 273
- NBF med personalkostnader: 521 378
- Valdresmusea øvrig drift med personalkostnader: 522 937

Sak 3/2021: Årsrekneskap og styreårsberetning 2020

Årsrekneskapen for 2020 viser eit resultat på kr. 884.369. Resultatet er i tråd med dei prognosane som administrasjonen gav styret 4. desember 2020.

Vedtak: Styret tek årsrekneskapen til vitende.

Sak 4/2021: Drøftingssak

Plan for vedlikehold og investering – Administrasjonsbygget, Velkomstbygget og Folkemusikkhuset:

Det blir som kjent arbeidd med ein større plan for vedlikehold og investering på driftsbygningane ved Valdres Folkemuseum. Ei kartlegging av dei konstruksjonsmessige sidene ved Velkomstbygget er utført av Ole Jonny Kalstad frå Takst Innlandet. Han vil gi oss ein situasjonsrapport av dei førebelse funna.

Ole Stian Mikalsen i GK Ventilasjon har ventilasjonsanlegga i Velkomstbygget, Administrasjonsbygget og Folkemusikkhuset. I førre møte vart det lagt fram forslag til ulike investeringstiltak (sjå vedlagt notat), og ein drøfta plassering av kostnadar, henholdsvis driftselskapet og dei respektive eigarstiftingane.

I førre møte var det semje om å avklare dei *prinsipielle sidene* for plassering av framtidige investeringskostnadar. Dei framstår ofte skjønnsmessige, og det er ikkje alltid enkelt å vite om det er driftsselskapet eller eigarstiftingane som er rette adresse. Til møte har vi invitert Vegard Vestrom frå Valdresrevisorene til å avklare grensegangar – som vonleg vil gjere det enklare å sette i gang slike tiltak.

Vedtak: Styret ber administrasjonen revidere leigeavtala mellom Valdresmusea og eigarselskapa med mål om å klargjere betre kven av selskapa som skal dekke dei framtidige investeringskostnadane. Styret ber om å få framlagt forslag til ny leigeavtale mellom Valdresmusea og Valdres Folkemuseum før 1. mai.